

PLAN FOR LESELYST OG SKRIVEGLEDE I VÅGÅ

KORTVERSJON

Det er viktig for barn å:

Få god kontakt gjennom song, lesing, samtale, forteljing for å eit få godt språk og få grunnlag for lesing.

Barn og unge treng språk, bøker og litteratur for å:

få identitet, kunnskap, kunne kommunisere, ta del i skapande aktivitetar, velje utdanning og yrke, forstå og ha god kontakt med andre, ha vern mot nedbrytande krefter og delta i demokratiet.

Generelt om lesing

- Lesing er viktig for å forstå, lære, få informasjon og kunnskap
- Lesing gir opplevingar
- Lesing utviklar evne til å tenkje
- Leseprosessen byggjer på god språkutvikling og god leseopplæring
- Lesevanskar kan koma også om ein er ein god logisk tenkjar
- Ein blir flink til å lese om ein les mykje
- Ein får lyst til å lese om ein klarer å lesa og opplever glede ved å lesa

Saman får vi resultat

Foreldre kan hjelpe barna sine ved å snakke med dei, lytte til dei, syngje for dei, lese for dei, tru på at barna kan, vera interessert og følgje med i det barna les og skriv. Barna må kunne be om hjelp om dei er usikre.

Helsestasjonen

gir råd til foreldre om kontakt/kommunikasjon som grunnlag for språkutvikling og vidare samtale og lesestimulering. Her blir det delt ut brosjyre og lånt ut bøker.

Alle 3-åringar burde få ei bok.

Kyrkja

delar ut bok til 4-åringar.

Småbarnskafe og open barnehage

Ein gong pr veke på Frivilligsentralen i sentrum, i barnehagane eller grendehus i grendene møtes foreldre med småbarn uformelt. Her foregår det stimuleringsiltak som song, drama og forteljing om foreldre ønskjer det. Bøker kan også bli lånt ut.

Folkebiblioteket

er møtestad og gir varierte tilbod om litteratur. Det er viktig å ta i vare interesser for gutar. Biblioteket har samarbeid med skulebiblioteka og kan gje tilbod om lesestunder, forfattarbesøk og liknande.

Ungdomsklubben

kan vera ein viktig arena for å utvikle interesser for lesing, men ungdommen sjølv må styre dette i lag med leiarane sine.

Barnehagen

Barnehagealderen er ein gullalder for språkutviklinga. Barna treng samspel med andre barn og bevisste vaksne som planlegg aktivitetar som inkluderer god språktrening inn i naturlege samanhengar.

Barnehagen må gje:

- Variert fysisk aktivitet og trening for kroppen og for å bruke hendene.
- Rom for ulike leikeformer som rolleleik, spel, språkleik, bokstavleik og leik med papir og blyant.
- Høgtlesing, forteljing, samtale, songar, rim, dikt, regler, rytme og drama.
- Tilgjengelege bokstavar, rom for leikeskriving og dikting saman barn-vaksne.

Overgang til skule

- Barna skal få trening i å bruke hørsel til lytting og lage lyd, høyre forteljing utan bilde og lage tankebilete sjølv
- å bruke synet til å sjå former og lage former
- Få til samarbeid 5-åringane og 1. årssteg på skulen
- Fadderordning med dei nest eldste på skulen
- Fleksible ordningar for samvær store og små
- TRAS (Tidleg registrering av språkutvikling) i barnehagen og gje informasjon om språknivå til foreldre og skule.

Felles tiltak for barnehage og skule

Samarbeid med foreldre er ulikt frå barnehage og til ungdomsskule, men er avgjerande for eit godt resultat.

Besteforeldre og miljøet elles i bygda kan vera med på laget og gje opplevingar til barn og ta imot framføringar frå barna.

Barnehage og skule har ansvar for å gje barn stoff på nynorsk til støtte for språket og identiteten deira som vagværar.

Barn med annan bakgrunn må få denne verdsett.

Skulestart og lese/skriveopplæring

Skulen må byggje på og ta opp att det innhaldet barnehagen har brukt, men på andre og etter kvart meir avanserte måtar.

Småskulesteget må sikre at barna får:

- Utfalde seg gjennom leik
- Språkleikar
- Rim, regler og rytme
- Musikk og bevegelse
- Eksperimentering med lyd
- Artikulasjonstrening – lære kva vi gjer med munnen når vi lagar lydar
- Samtale, forteljing og høgtlesing
- Begrepsstrening og bruk av orda
- Tekstskaping
- Sjå samanheng mellom tale og skrift
- Møte bokstavar heime, ute, på skulen, på plakatar, skilt, tekster, plansjar, som magnetbokstavar og bokstavkjeks, lære bokstavnamn og lydnamn
- Informasjon til foreldre om arbeidsmåtar og samarbeid om lekser
- Sørgje for varierte innlæringsmetodar
- Ta i bruk ulike sansar
- Skrivning og data
- Tilpassa lesestoff
- Møte ulike lese måtar; høgt og stille, lesing i kor og lesing saman med vaksen
- Varierte skriveproduksjonar; bøker, dikt, aviser, lister, bordkort osv.
- Finne meininga med det dei les
- Bruke lydbøker til støtte

Lesing og skriving på mellomsteget

Alle skal kome vidare i lesing frå der dei er.

- Krav til eiga lesing er stort
- Lærarane må finne ut kva den enkelte kan
- Repetisjonskurs i leseteknikk
- Lesestrategiar
- Studieteknikk
- Utviding av kjennskap til ord, bøyningar og grammatikk
- Samanlikning av dialekt, nynorsk, bokmål og framandspråk
- Tilrettelegging med individuelle mål for lesefart og rettskriving
- Databruk for alle elevar
- Spesiell støtte til elevar som har lese/skrivevanskar
- Lydbøker
- Framføringar for ulike grupper i og utanfor skulen, gjerne på ei scene. Skriftlege produkt til utstilling bør vera rett skreve.

Lesing og skriving på ungdomssteget

Vågå ungdomsskule har laga ein plan for arbeidet på kvart årssteg, og der tiltaka skal føre elevane fram til måla ved endt grunnskuleutdanning. Gjennom tiltaka legg lærarane vekt på å lære elevane gode lesestrategiar for å oppnå best mogleg lesekompetanse og skrivekompetanse.

Krydder

Skulekvardagen skal også by på spennande, friare og utfordrande oppgåver som appellerar til fantasi og lese lyst. Derfor er det viktig at lærarane finn det ”krydderet” som skal til og inspirerar elevane til å yte sitt beste.

Skulebiblioteket

Skulebiblioteka er ein viktig del av skulane sin pedagogiske verksemd og er ein føresetnad for at arbeidet skal lykkast. Her finn elevane både fag- og skjønnlitteratur som gjev dei oppleving, lese glede og kunnskap. I samarbeid med folke- og fylkesbiblioteket formidlar skulebiblioteket eit variert utval av litteratur til studiearbeid og fritidslån. Rettleiing og formidling må vera tilgjengeleg heile dagen i eit ope skulebibliotek.

Kompetanseheving

Får å nå mål trengst det folk som kan det dei arbeider med, og som får tilført ny kunnskap etter som denne er tilgjengeleg.

Det trengst:

- Kunnskap om tidleg stimulering og språkutvikling
- Bruk av diagnostiseringsverktøy for ulike alderssteg
- Teoretiske og praktiske kurs for å få idear og kunne bruke desse til rett tid og etter ein målretta plan
- Kunnskap om Vågåmålet , nynorsk og hjelp til å få fram eigna stoff
- Kunnskap om kva framandspråklege treng for å få ei god nok opplæring til å greie seg i samfunnet vårt, og bli inkludert i Vågå
- Bruk av bibliotek for personalet og spesiell skolering for bibliotekarar
- Datakurs som kan setjast ut i livet straks
- Kompetanse utanfrå hit til kommunale, interkommunale kurs eller hente kompetanse frå eksterne tilbod
- Erfaringsutveksling og evaluering